

Vassområde Nordfjord  
Gloppen Kommune  
Grandavegen 9  
6823 SANDANE

**Elektronisk post.**

Att: Staffan Hjohlman

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær  
Telefon: 95401203  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 11/2628  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 18.12.2012  
Dykkar dato:

## VASSOMRÅDE NORDFJORD - VESENTLEGE SPØRSMÅL OM VASSFORVALTNING - UTTALE

Vi har i denne uttala kommentert dokumentet "Innspel til Vesentlege spørsmål om vassforvaltning" frå Vassområde Nordfjord, versjon nr 4 / 15.10. 2012.

Vi vil innleingsvis gje uttrykk for at dokumentet gjev ei god framstilling av viktige vassforvaltnings spørsmål i vassområdet. I denne samanheng gjev vi kommentar til dokumentet, men våre kommentarar kan og sjåast på som innspel til tiltaksanalysen.

### Fiskeridirektoratet som sektorstyresmakt

Fiskeridirektoratet er rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga i Noreg. Fiskeridirektoratet skal bidra til å oppfylle Fiskeri- og kystdepartementet sitt overordna mål, som er å sikre rammevilkår for ein lønsam og berekraftig fiskeri- og havbruksnæring samt anna marint basert næringsliv.

Fiskeridirektoratet sin visjon er "*Livet i havet – vårt felles ansvar*"

Vårt overordna mål er å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom bærekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Våre forvaltningsområde innan vassforvaltning er primært knytt til oppgåver innanfor rammene av Akvakulturlova si driftsforskrift, samt den del av Havressurslova som er knytt opp mot marin arealforvaltning og tiltak som påverkar marine ressursar.

I Følgje Kongeleg *resolusjon – Forvaltningsplan for vassregion Vestlandet* skal det ved handsaming av aktivitetar i fiskerisektoren skiljast mellom den påverknaden som haustinga har på målartane og den påverknaden haustinga har på økosystemet på andre måtar. Anna form for påverknad på økosystemet enn påverknad av bestanden som følgje av hausting, kan handsamast etter vassforskrifta. Dersom påverknaden frå bruk av reiskap som rører ved botn vurderast å sette vassførekomstar i fare, slik at

miljømåla ikkje nåast, kan dette inngå i karakteriseringa og i eventuelle forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Det følgjast av vassforskrifta at fiskeristyresmaktene har ansvaret for utgreiing av forslag til tiltak, samt premissane for fastsetting av miljømål.

Uttak av fisk i kommersielt fiske blir regulert etter Havressurslova og vil ikkje bli handsama etter Vassforskrifta. I følgje *Kongeleg resolusjon – Forvaltningsplan for vassregion Vestlandet* er det berre påverknadar som vert sett på som å vere vesentlige som skal takast med i karakteriseringa. Etter våre vurderingar vil fiskereiskapane som i dag nyttast i Vassregion Sogn og Fjordane i kommersielt fiskeri, ikkje gje vesentleg påverknad på botnfaunaen og botn.

Kongelig resolusjon – Forvaltningsplan for Vestlandet, seier vidare at *”når det gjeld tiltak mot påverknad frå akvakultur vert regjeringa sin ”Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring” lagt til grunn. Strategien skal i denne samanheng vere ei nasjonal retningslinje for den regionale planlegginga. I strategien er særlig rømming, utslipp av næringssaltar og fiskesjukdommar, under dette lakselus, vektlagt som dei viktigaste miljøutfordringane i dag og i den næraste framtid. Mål og tiltak på disse områda er derfor særleg relevant for utarbeiding av dei neste forvaltningsplanane. Det følgjer av vassforskrifta at fiskeristyresmaktene har ansvaret for utgreiing av forslag til tiltak samt premissa for fastsetting av miljømål.”*

Fiskeridirektoratet har ansvar i høve til bærekraftstrategien når det gjeld rømming frå akvakulturanlegg og genetisk påverknad av villfisk.

Mål: Akvakultur skal ikkje bidra til varige endringar i dei genetiske eigenskapane til villfiskbestandane.

Fiskeridirektoratet har tilsynsansvar for ureining og utslipp frå akvakulturanlegg i høve til bærekraftstrategien. Jf. Forskrift om drift av akvakulturanlegg §§35 og 36.

Mål: Alle akvakulturlokalitetar som er i bruk skal halde seg innanfor ein akseptabel miljøtilstand, og skal ikkje ha større utslipp av næringssalt og organisk materiale enn det resipienten tåler.

### **Påverknad frå rømt oppdrettsfisk**

Rømt fisk er sett opp som ein av ”stor grad” påverkarane i fleire elver i vassområde Nordfjord. Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok til å vurdere rømt fisk som ein stor påverkar i alle elvene som er nemnde i dokumentet. Det er usemje mellom Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen om kva for indikatorar som skal nyttast for å vurdere om vassførekomsten ikkje oppnår miljømåla innan 2021.

Med ”effekt på fiskepopulasjonane” er meint ein negativ endring i bestandane. For å kunne peike på rømt oppdrettsfisk som faktor for vesentleg påverknad, må den kunne knytast til ei vitskapeleg dokumentert nedgang i bestanden. Dette tyder at det for det første må ha funne stad ein genetisk endring i den enkelte bestand av

villaks som følge av påverknad frå oppdrettsfisk, og vidare må endringa ha ført til ein dokumentert nedgang i populasjonsstørrelsen.

Fylkesmannen har karakterisert vassdrag i fylket og vurdert påverknad frå rømt oppdrettsfisk i elvestrekningar med anadrom fisk som kvalitetselement basert på opplysningar henta frå "Villaksportalen" til DN.

Stortinget har gitt fiskeristyresmaktene ansvar for å følgje utviklinga når det gjeld effektar av rømt oppdrettsfisk. Frå 2005 har Fiskeridirektoratet overtatt ansvaret for dei årlege undersøkingane av gytefisk som viser del rømt oppdrettslaks i eit utval av ville laksebestandar. NINA har det faglege ansvaret for gjennomføring av undersøkingane. Undersøkingane er baserte på vitenskapelig metode og resultat frå desse undersøkingane er akseptert av fiskeristyresmaktene som grunnlag for karakterisering og risikovurdering.

*Opplysningane i "Villaksportalen" er ikkje basert på etterprøvbare vitenskapelige undersøkingar. Fiskeridirektoratet kan derfor ikkje akseptere einsidig bruk av opplysningar frå "Villaksportalen" som grunnlag for tilstandsvurdering av vassdraga med omsyn til påverknad frå rømt oppdrettsfisk.*

*Vi viser i denne samanheng til brev av 06.07.2012 frå MD til Vassregionane om karakterisering og vesentlege vassforvaltningsspørsmål som søker å klargjere sektorstyresmaktene sitt ansvar i høve til mellom anna påverknad frå rømt oppdrettsfisk.*

## **Tiltak og verkemiddel**

### Rømming

I tildelingsbrevet til Fiskeridirektoratet for 2012 heiter det at den høgst prioriterte oppgåva for akvakulturforvaltninga i 2012 er å følgje opp "bærekraftstrategien". Innafor dette skal arbeidet mot rømming være prioritert.

Akvakultur regelverket skal fremje akvakulturnæringa sin lønsemd og konkurransekraft innafor ramen av ei berekraftig utvikling. Fiskeridirektoratet har eit spesielt fokus på førebyggjande tiltak mot rømming. Dette er det gjort greie for i Fiskeridirektoratet sin tiltaksplan mot rømming av oppdrettsfisk. Reglar og retningsliner for å førebygge rømming og reaksjon dersom ei hending likevel skjer, finn ein i akvakulturlova, i forskrift om drift av akvakulturanlegg og i forskrift om teknisk standard på flytande akvakulturinstallasjonar.

NS 9415 gjev krav til teknisk standard av flytande akvakulturanlegg.

Det er dei siste åra innført skjerpa vilkår i regelverket for alle oppdrettsanlegg i Noreg, og det er vedtatt særskilte krav til akvakulturelatert verksemd i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar.

Oppgradering av regelverket for å sikre anlegga mot rømming går kontinuerleg. Det er oppnemnd ein rømmingskommisjon som mellom anna skal påvise årsaksforhold knytt til rømming og gi råd om sikrare oppdrettsteknologi. Formidling av

kunnskap/erfaring frå tilfeller med rømming er tilgjengeleg for alle på [www.fdir.no](http://www.fdir.no).

Fiskeridirektoratet er styrkt med auke i tal stillingar knytt til tilsyn med akvakulturanlegg.

Det er sett i verk kompetansehevande tiltak for tilsynspersonellet. Vidare er det sett av midlar til utvikling av ny inspeksjonsdatabase både for ressurs- og akvakulturtilsyn.

På bakgrunn av undersøkingar av rømt oppdrettsfisk som HI har gjennomført og der det kom fram at ein stor del av den rømte fisken har rømt frå setjefiskanlegg, har fiskeridirektoratet dei siste åra hatt særleg fokus på sikring av setjefiskanlegg mot rømming. Dette har ført til krav om dobbeltsikring og intensivert tilsyn.

Eit meir samorda tilsyn mellom tilsynsstyresmaktene vil kunne gje gode resultat ut frå ein kost – nytte vurdering.

I tillegg til førebyggjande tiltak, vurderar fiskeristyresmaktene nye verkemidlar for å fange oppdrettsfisk, før den når gyteplassar i elv. Fiskeridirektoratet er til dømes aktivt engasjert i eit pilotprosjekt i Hardanger, fiskefelle i Etneelva, som mellom anna har til hensikt å hindre rømt fisk å gyte i laksevasdrag.

Miljøverndepartementet arbeider med utvikling av ein kvalitetsnorm for villaks med heimel i naturmangfoldlova § 13. Fiskeridepartementet arbeidar med utvikling av målemetoder og grenseverdier for kva som skal akseptast av påverknad på miljø frå havbruk, med særleg fokus på genetisk integritet og rømming.

Indikatorar som skal brukast i arbeidet etter vassforskrifta må være i samsvar med desse.

Framlegg til indikatorar for bærekraft i høve villaks er levert til regjeringa.

Havforskningsinstituttet og Veterinærinstituttet la 04.05.2012 fram rapporten *Forslag til førstegenerasjons målemetode for miljøeffekt (effektindikatorer) med hensyn på genetisk påverknad frå oppdrettslaks til villaks, og påverknad av lakselus frå oppdrett på viltlevende laksefiskbestander*.

Regjeringa vil gje ei vurdering av dette i stortingsmelding om Norge som sjømatnasjon som er venta lagt fram for Stortinget dette året og drøfta i Stortinget i vårsesjonen 2013.

### Ureining

Løyve til utslipp frå akvakulturanlegg vert gjeve med heimel i Ureiningslova.

Verknad på det marine miljø frå flytande matfiskanlegg i sjø, blir følgt opp av fiskeridirektoratet i medhald av Forskrift om drift av akvakulturanlegg §§35 og 36. (MOM)

MOM overvakinga skal skje i samsvar med NS 9410. Standarden er under revisjon og det er forventet at den vil bli harmonisert med krav til overvaking etter vassforskrifta. Etter NS 9410 blir det gjennomført to ulike miljøgranskingar MOM B og MOM C

B – undersøking er ein trendovervaking av botntilhøva under eit oppdrettsanlegg som klassifiserer botnpåverknad frå mykje god til mykje dårleg på ein skala frå 1 – 4. Ved uakseptabel tilstand skal det setjast i verk tiltak etter akvakulturregelverket

C-undersøking er ein undersøking av botntilstanden frå anlegget og utover i resipienten. Dette er ein omfattande undersøking som skal gjerast av personell som er akkreditert for oppgåva.

Fiskeridirektoratet har innskjerpa rutinane i høve til eigen oppfølging og i høve til krav om innrapportering av resultat frå MOM undersøkingar. Så langt har ålmenta tilgang på tilstandsvurderinga frå MOM B rapportar (tilstand under anlegga) gjennom Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Det vert også gjennomført MOM C granskingar fleire stadar, tilstandsvurderinga frå desse er inntil vidare ikkje tilgjengelege gjennom kartverktøyet. Det er levert MOM B gransking for 67% av alle matfisklokalitetar (både torsk og laks) i sjø i fylket. Mangel av rapport skuldast stort sett at lokaliteten ikkje er i bruk og dei fleste gjeld lokalitetar for andre føremål enn produksjon av matfisk av laks og aure. I Sogn og Fjordane viser 78% av dei leverte rapportane tilstand 1, 19% visar tilstand 2 og 3% visar tilstand 3. Ingen viser tilstand 4. Ved tilstand 3 må det takast ein ny gransking etter 6 månader. Det er i første rekke fisken i anlegget som blir påverka av at tilstanden på lokaliteten ikkje er god. MOM C undersøkingane viser at området rundt anlegga er lite påverka av drifta i anlegget. Dette er i godt samsvar med konklusjonen frå ekspertgruppa som i 2011 har vurdert eutrofieringssituasjonen i kystområda. ("Eutrofieringsrapporten").

**Overvaking** Vi har data frå skjelprøvar som er samla inn hausten 2006 – 2011 frå 36 utvalde vassdrag. 1 av desse ligg i vassområde Nordfjord, Eidselva. For dei vassdraga som har vært overvaka over ein periode varierer innblanding av rømt oppdrettsfisk. Sjå lenke: <http://www.fiskeridir.no/akvakultur/roemming/andel-roemt-oppdrettslaks-i-ville-gytebestander>

På bakgrunn av den kunnskap vi har i dag, kan vi ikkje seie om rømt oppdrettsfisk i vassdrag er eit vesentleg vassforvaltningsspørsmål. Innblanding av rømt oppdrettsfisk kan likevel være ein utfordring i ein del vassdrag.

MOM regelverket vil kunne gje ein trendovervaking av påverknad frå akvakulturanlegg på sikt. Med dei endringar som vil bli gjort i NS9410 og harmonisering med vassforskrifta, vil dette gi eit bidrag i høve til forvaltning og overvaking i dei einskilde vassførekomstar med akvakulturanlegg.

Vi tykkjer det er positivt at de framhevar at risikovurderinga er førebels og kan verte revidert på bakgrunn av høyringsuttalar og at det endelege utvalet av vassførekomstar med risiko, vil vere utgangspunktet for vidare arbeid med å vurdere overvaking og tiltak, fram mot ein endeleg forvaltningsplan.

Vi vonar våre merknadar til dokumentet vesentlege vassforvaltningsspørsmål er oppklarande i høve til kva som er vesentlege utfordringar i ein vassførekomst innanfor Fiskeridirektoratet sitt sektoransvar. Vi er tilgjengelege for utfyllande opplysningar om det skulle vere ynskje om dette.

Med helsing

Vidar Ulriksen  
regiondirektør

Paul Jacob Helgesen  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.*

**Kopi til:**

Bremanger Kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Eid Kommune	Postboks 55	6771	NORDFJORDEID
Gloppen Kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Jølster kommune		6843	SKEI I JØLSTER
Kyst- og havbruksavdelingen	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Selje kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Stryn Kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vågsøy Kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY